

INFORMASJON 9 OM BARNEHAGE-/SKULEBRUKSPLAN

Folkemøte i veke 7 og 8

14. januar var påmeldingsfristen for å melda seg på/melde interesse for å delta folkemøta. Det var fleire bygder som vart fullbooka, medan andre hadde veldig få påmeldte. Difor har kommunedirektøren, i samråd med ordførar, avgjort at folkemøtene i nokre av bygdene skal slåast i saman. Ny plan for folkemøta vert følgjande:

VEKE 7 (Norconsult deltek digitalt)

- **Onsdag 17.02**
Vågen og Ølen 18.30 - 19.30 (Ølen kulturhus)
- **Torsdag 18.02**
Sandeid og Vikedal 18.30 - 19.30 (Sandeid samfunnshus)

VEKE 8 (Norconsult deltek fysisk)

- **Måndag 22.02**
Bjoa kl. 17.30 - 19.00 (i gymsalen på Bjoa skule)
Vik 20.30- 22.00 (Vikebygd bygdahus)
- **Tysdag 23.02**
Imsland 17.30 - 19.00 (Imsland bygdahus)
Vats/Skjold 20.30 - 22.00 (i gymsalen på Vats skule)

Covid19

Viser til tilrådingane frå [Regjeringa](#). I første omgang gjeld desse nye tiltaka fram til og med 19.01, det kan hende at desse folkemøta må bli ytterlegare utsett, det vil me vurdere fortløpande i takt med Regjeringa sine føringar etter 19.01.

Dersom ein opnar opp for at fleire enn 50 stk kan delta, vil me sjølvstgt gjera det mogleg for fleire å melda seg på. Det er viktig med påmelding grunna Covid-19 situasjonen.

Kommunen vil leggja til rette for at folkemøta vert sendt på [KommuneTV](#), som tidlegare annonsert.

Elevrådsrunde

Kommunedirektør, kommunalsjef og skulerådgjever gjennomførte elevrådsrunde på Teams 05.01, me ønskjer å takka elevar, lærarar og rektorar for veldig gode og konstruktive innspel til rapporten.

Høyringsinnspel

Det er framleis er mogleg å skriva høyringsuttale fortløpande på heimesida til Vindafjord kommune, [det kan gjerast via denne lenka her](#).

18.01.21

Yngve Folven Bergesen



Kommunedirektør Vindafjord kommune